

**MØTEPROTOKOLL**

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** *Melshorn hotell*  
**Dato:** *15.03.2018*  
**Møte tok til** *18:00*  
**Møte slutta** *20:20*

Kommunestyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset og med kunngjering i Vikebladet/Vestposten.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 07.03.18.

**Faste medlemar som møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Nedreid	Medlem	AP
Kristian Fuglseth	Nestleiar	FOHAR
Kjetil Nesset	Medlem	FOHAR
Ranja Dimmen Alme	Medlem	FOHAR
Bernt Brandal	Medlem	FOHAR
Marianne Overå	Medlem	FOHAR
Ingebjørn Grimstad	Medlem	FRP
Jeanette Teigene	Medlem	FRP
Oskar Jarle Grimstad	Medlem	FRP
Anders Riise	Leiar/ordførar	H
Wenche J. Holstad Jøsok	Medlem	H
Berte Holstad Engen	Medlem	H
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Leidulv Hareide	Medlem	KRF
Annika Brandal	Medlem	V
Jenny Helen Korsnes	Medlem	V

**Faste medlemar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Runne Brandal	MEDL	AP
Truls Håbakk	MEDL	FRP
Torill Oda Ringstad	MEDL	AP
Ottar Røyset	MEDL	H
Ole Frank Bakken	MEDL	H

**Varamedlemar som møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Annika Hove	Kjetil Nesset fram til kl. 18:35	FOHAR
Kjartan Grimstad	Truls Håbakk	FRP
Turid Lise Ambjørnsen	Ottar Røyset	H
Gunnar Riise	Ole Frank Bakken	H

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann
Kariann Bigseth	Assisterande rådmann
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef

Ordførar Anders Riise leia møtet.

19 voterande

Kommunestyret handsama PS 01/18  
Kommunestyret handsama PS 02/18  
Kommunestyret handsama PS 03/18

- ✓ RS 01/18
- ✓ RS 02/18
- ✓ RS 03/18
- ✓ RS 04/18
- ✓ RS 05/18
- ✓ RS 06/18
- ✓ RS 07/18
- ✓ RS 08/18
- ✓ RS 09/18
- ✓ RS 10/18

Kommunestyret handsama PS 04/18  
Kommunestyret handsama PS 05/18  
Kommunestyret handsama PS 06/18  
Kommunestyret handsama PS 07/18  
Kommunestyret handsama PS 08/18  
Det vart halde gruppemøte i saka.  
Kommunestyret handsama PS 09/18  
Kommunestyret handsama PS 10/18  
Kommunestyret handsama PS 11/18

**SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT**

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	<b>Politiske saker</b>	
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 2/18	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 3/18	Referatsak	
RS 1/18	HA 05-17 MØTEPROTOKOLL - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET	2017/335
RS 2/18	Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.01.2018	2018/192
RS 3/18	Årsrapport skatteoppkrevjaren Hareid kommune 2017	2018/145
RS 4/18	Kontrollrapport 2017 - skatteoppkrevjarfunksjonen for Hareid kommune	2018/145
RS 5/18	Protokoll Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal 08.02.2018	2018/326
RS 6/18	Folkevaltnettverket - referatsak til kommunestyret	2017/1634
RS 7/18	Referatsak til kommunestyret - Nettverkssamling i folkevaltnettverket 7. februar 2018 i Hornindal	2018/436
RS 8/18	Engeskardtunnelen - Brev frå Torbjørn Mork	2018/13
RS 9/18	Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018)	2018/55
RS 10/18	Engeskardtunnelen - Brev frå Engeskardet hytteforening Politiske saker	2018/13



PS 4/18	Evaluering av kommunen sitt resultat på Folkevaldunderøkinga i regi av Sunnmøre regionråd 2017	2017/788
PS 5/18	Løyve for einskildshøve 09.06.18 - Brandalskoret	2017/1856
PS 6/18	Høyringsuttale - E39 Digernes -Vik, tilleggsutgreiing til konseptvalutgreiing	2018/149
PS 7/18	Kartlegging av marine naturtypar på søre Sunnmøre	2018/456
PS 8/18	Rehabilitering av Engeskardtunnelen	2018/13
PS 9/18	Prikkbelastning i høve avvik	2017/1381
PS 10/18	Utsetting av drift av sentralbord	2018/552
PS 11/18	Interpellasjon til kommunestyret 15.03.2018 - frå Oskar Grimstad	2018/630

Hareid, 07.03.2018

—  
Anders Riise  
ordfører

Helga Bøe-Grimstad  
utvalsekretær



## POLITISKE SAKER

### PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Kommunestyret si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Det vart bede om følgjande endringar på saklista:

Bernt Brandal har to spørsmål

- Kaia i Brandal – status – ordførar svarte: Prosjekteringa er ferdig. Det vert produsert formannskapssak til møte den 09.04.2018. Her vil det ligge vurderingar i høve søknad til Kystverket om ev. medfinansiering.
- Nedlegging av sjukeheims plassar og endring av skulestruktur – rådmann svara: jobbar ikkje med noko konkret men ein faktagjennomgang av utfordringar framover

#### Røysting:

Samrøystes vedteke

#### Vedtak: —

Innkalling godkjent utan merknad.

Innkalling godkjent med følgjande spørsmål frå Bernt Brandal

- Status kaia i Brandal
- Nedlegging av sjukeheims plassar og endring av skulestruktur

### PS 2/18 Godkjenning av protokoll førre møte

#### Kommunestyret si handsaming:

Det var ingen merknad til protokoll førre møte.

#### Røysting:

Samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Protokoll frå [førre møte](#) godkjent utan merknad.

### PS 3/18 Referatsak

#### Kommunestyret si handsaming:

Det var ingen merknad til fylgjande referatsaker:

- ✓ RS 01/18 - Berte Holstad Engen, leiar kontrollutvalet orienterte.

Ordførar stilte spørsmål om gildskapen sin då han er part i saka.

Ordførar gjekk frå møte.

18 voterande

Det vart røysta, ordførar vart funnen ugild etter forvaltningsloven § 6 andre ledd med åtte mot og ti for.

- ✓ RS 02/18

Ordføraren kom tilbake i møtet.

19 voterande

- ✓ RS 03/18



- ✓ RS 04/18 - Berte Holstad Engen, leiar kontrollutvalet orienterte.
- ✓ RS 05/18
- ✓ RS 06/18
- ✓ RS 07/18
- ✓ RS 08/18
- ✓ RS 09/18
- ✓ RS 10/18

**Røysting:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Referatsakene teke til vitande.

**RS 1/18 HA 05-17 MØTEPROTOKOLL - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET**

**RS 2/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.01.2018**

**RS 3/18 Årsrapport skatteoppkrevjaren Hareid kommune 2017**

**RS 4/18 Kontrollrapport 2017 - skatteoppkrevjarfunksjonen for Hareid kommune**

**RS 5/18 Protokoll Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal 08.02.2018**

**RS 6/18 Folkevaltnettverket - referatsak til kommunestyret**

**RS 7/18 Referatsak til kommunestyret - Nettverkssamling i folkevaltnettverket 7. februar 2018 i Hornindal**

**RS 8/18 Engeskardtunnelen - Brev frå Torbjørn Mork**

**RS 9/18 Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018)**

**RS 10/18 Engeskardtunnelen - Brev frå Engeskardet hytteforening**



## **POLITISKE SAKER**

### **PS 4/18 Evaluering av kommunen sitt resultat på Folkevaldundersøkinga i regi av Sunnmøre regionråd 2017**

**Kommunestyret si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kommunestyret stadfestar resultatet frå folkevaldundersøkinga
2. Gjennom arbeidet med kommunekompasset vil kommunestyret følgje særskilt opp forbetningsområda som er definert som
  - a. Samarbeid politikk / administrasjon
  - b. Innbyggardialog
  - c. folkevaldopplæring

### **PS 5/18 Løyve for einskildshøve 09.06.18 - Brandalskoret**

**Kommunestyret si handsaming:**

Annika Hove gjekk frå møtet kl. 18:35 og Kjetil Nasset kom til i møtet.

**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet vedteke med 17 mot 2 røyster.

**Vedtak:**

Rådmannen har vurdert søknaden frå Brandalskoret (org.nr. 994012290), datert 20.11.2017.

Kommunestyret gir løyve for einskildhøve for alkohol inntil 22 vol. % for skjenkestaden, Hareidhallen, Myravegen, som vist på planskisse vedlegg 2.

Brandalskoret skal ha eit lukka arrangement – stemnefest – i høve songarstemne.

**Skjenketida for alkohol**

Varegruppe 1 (frå 2,5 til 4,7 %) og 2 (inntil 22 %) vert avgrensa til laurdag 09.06.2018 kl. 19:00 – 02:00. Aldersgrense 18 år.

Konsum av alkohol på skjenkestaden skal vere slutt seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Anne Kathrine Løberg f. 030962 er styrar for skjenkeløyvet og Trond Bigset f. 11.01.61 er vara for styrar.

Søkjar må forholde seg til dei krav det er set for brannvakter og rømningsvegar som må haldast fri jf. reglement og avtale for Hareidhallen.

Hareid kommune vil krevje kr. 1000 for løyvet jf. alkoholpolitisk handlingsplan.

*Grunngjeving:*



*Vedtaket for løyve til skjenking er gjort med heimel i alkohollova §§ 1-6, 1-7 – 1-7c, 3-1b og 4-1 – 4-4 og alkoholpolitisk plan for Hareid kommune*

## **PS 6/18 Høyringsuttale - E39 Digernes -Vik, tilleggsutgreiing til konseptvalutgreiing**

**Kommunestyret si handsaming:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Hareid kommunestyre ynskjer at eventuell realisering av ny veg mellom Digernes og Vik vert gjort etter K2.0 (H5) konseptet.

Statens Vegvesen si tilråding om val av konsept K3.1A (H8) er ikkje ynskjeleg av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, samt av omsyn til prissette konsekvensar (negativ NNB) og mulege negative følgjer for eksportvegen over Ørskogfjellet, som følgje av påfølgjande nedklassifisering av eksportvegen.

Hareid kommunestyre har merknader i høve til at kalkylane om prissette konsekvensar i tilleggsutgreiinga til KVU E39 Ålesund – Bergsøya, er gjort utan at eventuelle negative verknader av bompengesatsane er lagt inn som premiss.

Hareid kommunestyre viser til saksutgreiinga i denne saka og gjer merksam på at den estimerte reisetidinnkortinga i tilleggsutgreiinga til KVU E39 Ålesund – Bergsøya mellom Breivika og Molde er mindre enn slik det er framstilt i nemnte utgreiing.

## **PS 7/18 Kartlegging av marine naturtypar på søre Sunnmøre**

**Kommunestyret si handsaming:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Hareid kommunestyre vedtek å ta del i prosjektet knytt til kartlegging av marine naturtypar på søre Sunnmøre.

Det kommunale bidraget for Hareid kommune på kr 73 256, vert finansiert frå finansområdet sin kto. 15400.880, avsetning til disposisjonsfond, i budsjettet for 2018. Beløpet vert ført over til ansvar 6500 – samfunnskontor, kto. 13000 – kjøp frå staten

## **PS 8/18 Rehabilitering av Engeskardtunnelen**

**Kommunestyret si handsaming:**



**Kjetil Nasset, FOHAR, kom med følgende fellesforslag for FOHAR og H:**

*Hareid kommunestyre vedtek at det snarast råd skal innhentast tilbod / anbod utført som totalentreprise dvs. inkl. nødvendig prosjektering på renovering / sikring av eksisterande tunnel og med profil som er beskriver i rapport utarbeidd av Asplan Viak, dagsett 06.02.2018.*

*Kommunestyret innvilgar ei ramme på kr 6 mill. Ein forutset at tilbod er innhenta og avklara innan sommarferien, slik at arbeidet kan startast på ettersommaren.*

Oskar Grimstad, FRP ba om gruppemøte. Samrøystes vedteke

#### **Røysting:**

Det vart røysta over innstilling frå formannskapet opp mot fellesforslaget til FOHAR og H. Fellesforslag frå FOHAR og H samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

**Hareid kommunestyre vedtek at det snarast råd skal innhentast tilbod / anbod utført som totalentreprise dvs. inkl. nødvendig prosjektering på renovering / sikring av eksisterande tunnel og med profil som er beskriver i rapport utarbeidd av Asplan Viak, dagsett 06.02.2018.**

**Kommunestyret innvilgar ei ramme på kr 6 mill. Ein forutset at tilbod er innhenta og avklara innan sommarferien, slik at arbeidet kan startast på ettersommaren.**

### **PS 9/18 Prikkbelastning i høve avvik**

#### **Kommunestyret si handsaming:**

***Rådmannen la fram endring i forslaget sitt:***

*Kommunestyret vel å ta rapporten til Securitas til følge. Coop Prix vert gitt 1 prikk gjeldande frå 30.12.17 for brot på alkoholforskrifta § 3-3 som gir prikkbelastning etter alkoholforskrifta § 10-3 4. avsnitt punkt 5.*

#### **Røysting:**

Tilrådinga med endringsforslag vedteke med 8 røyster mot og 11 røyster for.

#### **Vedtak:**

**Kommunestyret vel å ta rapporten til Securitas til følge. Coop Prix vert gitt 1 prikk gjeldande frå 30.12.17 for brot på alkoholforskrifta § 3-3 som gir prikkbelastning etter alkoholforskrifta § 10-3 4. avsnitt punkt 5.**

### **PS 10/18 Utsetting av drift av sentralbord**

#### **Kommunestyret si handsaming:**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

- 1. Hareid kommune går i forhandlingar med Vanylven kommune med tanke på å få på plass ein avtale om drift av sentralbord med oppstart i løpet av våren 2018.**





2. **Finansiering i 2018 gjeres ved interne omdisponeringar og utsett tilsetning i ny stilling. Finansiering for 2019 blir tatt opp igjen i forbindelse med budsjettarbeidet til hausten.**
3. **Hareid formannskap legg til grunn at ein har opningstid frå kl. 08.00 til 16.00 etter at avtale er inngått med Vanylven og at det vert nytta lokale telefonsvararstemmer.**

## **PS 11/18 Interpellasjon til kommunestyret 15.03.2018 - frå Oskar Grimstad**

### **Kommunestyret si handsaming:**

Ordførar Anders Riise svarte:

Interpellasjonen frå Oskar Grimstad kom inn onsdag 07.03.2018 og er i tråd med kommunestyrereglementet punkt 22 c) å er soleis kome inn rettidig.

Hareid kommune har mange små og nokre større grunnkjøp gjennom året og dette er i dag delegert til rådmann ved leiar på Plan- og Byggesaksavdelinga. Etter den nye administrative organiseringa av Hareid kommune ligg dette no under Sektor for Samfunnsutvikling sitt mynde. I kommunen har dette vore delegert til ein einskild person som har hatt dette ansvaret dei siste 10 åra, og slik ordførar ser det har dette fungert godt.

Interpellanten skriv at ein no skal leige inn prosjektleiar for å gjennomføre grunnkjøp i kommunen. Rådmannen har overfor ordførar avklart at dette er ei mistyding. Grunnkjøp skal fortsatt gjerast av eigen administrasjon slik den har blitt til no og administrasjonen er no dimensjonert med jurist som skal stå for grunnkjøpa framover. Prosjektleiaren som det vert vist til er innleigd for å få framdrift og samordne alle partar og fag for å sikre framdrift på Holstadfeltet. Grunnkjøp er ein sentral del av drifta og utviklinga av Hareid kommune og ordførar har vore involvert i dei fleste grunnkjøp i kommunen og alle større grunnkjøp vert til slutt handsama og godkjent i formannskapet. Ordførar signerer alle skøyte som gjeld sal av grunn og bygningar og har soleis god oversikt over prisar, volum og omsetnad. Ordførar er i tillegg med på skjøn og forhandlingar der det er behov for ein tredjepart i forhandlingar.

Sidan det no er ny organisering av kommunen er det og behov for rullering av delegeringsreglementet. Ordførar meinnar at ein ved denne rulleringa må sjå på korleis dette skal formaliserast på nytt og rollene avklarast på ein god måte. Grunnkjøp er ein spesialisert profesjon som krev kompetanse, prosess, likebehandling og god jus. Samstundes er ordførar samd med interpellanten at ordførar og politisk si rolle må kome klarare fram slik som den gjer i praksis i dag.

Ordførar ber soleis om at det ikkje vert gjort vedtak, men tek dette opp til vurdering Ved rullering av delegeringsreglementet. I mellomtida forventar ein at rådmann ilag med ordførar har god framdrift på grunnforhandlingane på Holstadfeltet.

Det vart opna for debatt. Interpellanten trekte forslag til vedtak i interpellasjonen.

### **Røysting:**

### **Vedtak:**



—